



Statens vegvesen

Bodil Nesse
Grøvlesvingen 57 A
5108 HORDVIK

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/143814-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.11.2016

Uttale – Søknad om utvida bruk av avkøyrslø – Fv. 401 – Gnr. 177 bnr. 16 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 19.09.2016.

Kva saka gjeld:

Du har søkt om utvida bruk av avkøyrslø etter veglova på gnr. 177 bnr. 16 i Lindås kommune, *vår referanse FV 401 hp 1 km 3,825*.

Bakgrunn for søknaden er at du skal søkje bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad.

Tiltaket ligg i eit område som er avsett til Landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Statens vegvesen vurderer at tiltaket er avhengig av dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.).

Opplysning om saksgang:

Før Statens vegvesen handsamar søknaden etter veglova, skal tiltaket vere avklart etter pbl. og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknaden må i første omgang handsamast som ein dispensasjon etter pbl. av Lindås kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg til søknader som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei førehandsuttale som du kan legge ved søknad om tiltak til Lindås kommune.

Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Avkøyrslø ligg langs fv. 401, på austsida av vegen. Avkøyrslø er i dag nytta som landbruksavkøyrslø for tilkomst til utmark, samt for eit par bustadhus og fritidsbustader.

Fartsgrensa på staten er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 400. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013–2016)».

Vurdering:

I rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til *Haldningsklasse 4*. Det vil mellom anna seie at vegen er ein lokalveg, og at avkøyrslar normalt kan godkjennast dersom dei stettar krav til teknisk utforming.

Eit absolutt krav vi stiller ved søknad om avkøyrslar eller ved søknad om utvida bruk er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkøyrslar. Siktkravet vil i dette tilfellet vere at ein skal sjå 45 meter til kvar side av køyrebana frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslar. Kravet er satt med bakgrunn i fartsgrense og trafikkmengde på staden. Andre krav vi stiller er knytt til mellom anna svingradius og helling i avkøyrslar.

Statens vegvesen var på synfaring 19. oktober 2016. Vi vurderte at avkøyrslar for det meste stettar våre krav til teknisk utforming. Vi registrerte likevel at det var deponert steinmassar som hindra fri sikt til høgre i avkøyrslar i retning Neset. Vi vil stille krav om å fjerne massane dersom vi skal gje løyve til utvida bruk.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til søknaden ut over dette. Vi vil setje endelege krav til utforming i vår handsaming av søknad etter veglova.

Konklusjon:

Statens vegvesen utsetter vidare behandling av søknad om utvida bruk av avkøyrslar til det føreligg eit vedtak frå kommunen si side. Dersom Lindås kommune vel å gje dispensasjon må vedtaket innehalde vilkår knytt til avkøyrslar:

- Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrslar etter veglova til Statens vegvesen.
- Avkøyrslar skal utbetrast i samsvar med dei krav Statens vegvesen stiller.

Dette brevet skal følgje med søknad om tiltak til Lindås kommune.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ